



Innkalling av Kraftfondsstyret

Møtedato: 10.12.2015

Møtestad: Kommunehuset

Møtetid: 12:15

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

016/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

017/2015 Godkjenning av møtebok

018/2015 Gulen og Masfjorden Næringshage AS - søknad om støtte gjennom kraftfondet

019/2015 Referatsak

- Adm.vedtak etableringstilskot Odin Andersen
- Adm.vedtak etableringstilskot Hope / Storseter
- Adm.vedtak etableringstilskot Jack Halland
- Klagesak etableringstilskot
- GMU anmodning om utbetaling av 2015 tilskot
- Sluttutbetaling Lokalsamfunnsutvikling

8. desember 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/912

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2015	Kraftfondsstyret	PS	10.12.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		15/912

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2015	Kraftfondsstyret	PS	10.12.2015

Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Kraftfondsstyret - 20.10.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/865

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2015	Kraftfondsstyret	PS	10.12.2015

Gulen og Masfjorden Næringshage AS - søknad om støtte gjennom kraftfondet

32T

Presentasjon Ma

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 frå kraftfondet til utgreiingsarbeidet om etablering av ei avdeling innan havbruk på Matre. Støtten utgjer inntil 50% av budsjetterte utgreiingskostnader og elles i tråd med søknad GMNH

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknad av 20.10.2015 frå Gulen og Masfjorden næringshage as (forkorta GMNH) om utviklingsmidlar frå kraftfondet for å utgrei om det er interesse for og mulegheiter for å danne ei avdeling innan havbruk på Matre. Søknad om kr. 40.000 av eit prosjektbudsjett på kr. 80.000,-.

Vurdering

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å fremja etablering av nye verksemder, og å vidareutvikle eksisterande verksemder. Satsing og utvikling innan havbruk har vore ønskeleg over tid, og ei eiga avdeling kring GMNH med fokus på dette område ser ein positivt på.

Kraftfondet skal i første rekke nyttast til næringsføremål. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjinga for kvinner og ungdom bør prioriterast. Utfordring med støtte til dette tiltaket ligg på følgjande forhold;

- Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemder som mottar vesentlege overføringer over statsbudsjettet.
- Fondet sine midlar skal berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Ein vektlegg i denne samanheng mulegheitene ei slik avdeling/node kan ha på sikt for utvikling og satsing innan havbruksnæringa i kommunen, som kan skape nye

arbeidsplassar, som ein heilt klart ser kan komme kvinner og ungdom til gode, og meiner at fordelene er større enn hindringane i vedtekten for kraftfondet, og støttar søknaden.

Uttale/Høyring

Veronica Haveland, Dagleg leiar Gulen og Masfjorden næringshage as orienterte i sist formannskapsmøte om GMNH generelt og søknad kraftfondet spesielt.

Fakta

Litt fakta saksa frå vedtekten og retningslinene for kraftfondet;

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-

Bedriftsutvikling

til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltronget for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt
Forprosjekt havbruksavdeling på Matre
Totalte kostnader for prosjektet
80000
Finansieringsplan
Eigenkapital
6000
Eige arbeid
34000
Lån i bank
0
Tilskott frå næringsfond
40000
Har prosjektet fått tilskott frå andre?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder
Nei

Andre opplysningar

Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden

Gulen og Masfjorden Næringshage (GMNH) ønskjer å setja fokus på forsking, utvikling, innovasjon og vekst i havbruksnæringa. Gjennom dette ønskjer selskapet å skapa ein næringslivs- og samarbeidsarena for Gulen og Masfjorden med omegn. I tillegg vil det skapast ein samlingsplass for bedrifter i høve erfaringsutveksling, tileigning av ny kunnskap og ein stad ein kan få rådgjeving og støtte. Det fins allereie eit sterkt fagleg miljø innan havbruk på Matre. Forprosjektet skal leia fram til ei grunngeiven vurdering av korleis ein skal gå fram for å vidare etablera ei avdeling/node for næringshagen på Matre. GMNH vil gjennom dette arbeidet medverka til å gjera området meir kjent og attraktivt for aukt næringsverksemder.

I prosjektet det her vert søkt midlar til, skal GMNH aktivt oppsøkja potensielle mål- og medlemsbedrifter med mål om at dei vert tilknytt havbruksavdelinga på Matre. Det vert også lagt opp til studiereiser, der arbeidsgruppa besøkjer andre klynger innan fagfeltet. Reisene skal nyttast til å kartleggja behov og ønske om etableringa av ei slik avdeling.

GMNH jobbar for små og mellomstore bedrifter som treng eit støtteapparat og nettverk rundt seg for å veksa. Fokuset er på innovasjon, utvikling og vekst, og selskapet arbeider aktivt for å realisera bedriftene sine mål og visjonar. Næringshagen vil arbeida strategisk med kompetanseheving og nettverksbygging. "Næringshagene i Norge" består av eit nettverk med 50 næringshagar og 42 inkubatorar, i tillegg til andre innovasjonselskap som me har samarbeid med. I tillegg har me gode kontaktar hjå verkemiddelapparata, både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Konklusjon

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 frå kraftfondet til utgreiingsarbeidet om etablering av ei avdeling/node innan havbruk på Matre. Støtten utgjer inntil 50% av budsjetterte utgreiingskostnader og elles i tråd med søknad GMNH



GULEN OG MASFJORDEN NÆRINGSHAGE®

ET MILJØ FOR UTVIKLING!

Avdeling på Matre

HVEM ER VI?

- **Stiftet:** 29 mai 2013
- **Aksjonærer:** SIVA (30%), Wergeland Holding AS (30%), Johny Birkeland Transport AS (30%), Birkeland Entreprenørforrtning AS (6%), Entreprenør A. Birkeland AS (4%).
- **Lokalisering:** Vidsyn Næringsbygg i Gulen
- **Ansatte:** 1 ansatt
- **Målbedrifter:** 10 målbedrifter
- **Bransjer:** Industri, service og havbruk
- **Kommuner:** Gulen kommune og Masfjorden kommune primært. (Solund kommune)
- **Fylkeskommuner:** Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune




GULEN OG MASFJORDEN NÆRINGSHAGE AS

Næringshagen sitt hovedmål er å være en støttespiller og en koblingsaktør for små og mellomstore bedrifter, og bidra til økt verdiskaping for de bedrifter som er tilknyttet næringshagen og næringshagemiljøet.

Vi har fokus på vekst i våre såkalte målbedrifter og å styrke kompetansemiljøene spesielt innen industri service og havbruk.

Næringshagen vil jobbe for å bidra til økt sysselsetting ved etablering og styrking av fremtidsrettede arbeidsplasser i våre målbedrifter.


Vi er her for alle uavhengig av størrelse og kommunetilhørighet!



HVA TILBYR VI?

- Et stort nettverk
- Et samlokaliseringssmiljø og et næringshagemiljø
- Et kontaktpunkt til virkemiddelapparatet
- Hjelp til å starte egen bedrift
- Muligheter for internasjonalisering
- Kunnskap og kompetansehevende tiltak

Samarbeid genererer konkurransekraft og større muligheter for vekst!




49 Næringshager

41 Inkubatorer

19 Innovasjonsselskapet

67 Eiendommer

Totalt 176 gode hjelbere
og aktører i SIVA nettverket



FORPROSJEKT

Søkt om utviklingsmidler fra Kraftfondet for å utrede om det er interesse for og muligheter for å danne en avdeling innen havbruk på Matre.

Næringshagen vil være prosjektleder for utredningen og vil sammen med en arbeidsgruppe kartlegge behov og interesser for en slik arena, og utfordringer og muligheter rundt dette.

Forprosjektet er ikke en direkte næringshageaktivitet, men et strategisk utviklingstiltak for selskapet. Tilskudd til næringshageprogrammet dekker ikke administrative kostnader ved slike utredninger.

Næringshagen kan søke om ekstramidler for gjennomføring av næringshageprogramaktiviteter fra Hordaland fylkeskommune i ettertid dersom utredningen viser at avdelingen skaper merverdi og kan bli etablert.



FINANSIERING NH-PROGRAM INNOVASJONSSTØTTE

3.2 Artikkel 28 – Innovasjonsstøtte til SMB-er

Tilskudd utbetalt som innovasjonsstøtte (artikkel 28) skal komme målbedrift til gode i sin helhet, og gir ikke åpning for bruk til drift (administrasjon) av innovasjonsselskapet. 13. februar 2015

I art. 28, pkt. 4 gis en åpning for 100 prosent støtteintensitet. Sivas programmer tillater en støtteintensitet på inntil 75 prosent, bortsett fra tildelte midler til preinkubasjon hvor det kan gis inntil 100 prosent. Maksimum tillatt støtte per målbedrift er 200 000 euro over en rullerende treårsperiode.

2. The eligible costs shall be the following:

- (a) costs for obtaining, validating and defending patents and other intangible assets;
- (b) costs for secondment of highly qualified personnel from a research and knowledge-dissemination organization or a large enterprise, working on research, development and innovation activities in a newly created function within the beneficiary and not replacing other personnel;
- (c) costs for innovation advisory and support services;



FINANSIERING NH-PROGRAM KLYNGETILSKUDD

3.1 Artikkel 27 – Aid for innovation clusters

Gruppeunntaket åpner for støtte til innovasjonsklynger. Støtten kan kun gis til den juridiske enheten som driver innovasjonsklyngen, for eksempel næringshage og inkubator.

Støtteberettigede kostnader i forbindelse med driftsstøtte til innovasjonsklyngen er oppgitt i art. 27, pkt. 8. Regelverket gir åpning for inntil 50 prosent støtteintensitet, jf. art. 27, pkt. 9. Det betyr at mottager må synliggjøre 50 prosent medfinansiering i form av egne timer.

The eligible costs of operating aid for innovation clusters shall be the personnel and administrative costs (including overhead costs) relating to:

- a. animation of the cluster to facilitate collaboration, information sharing and the provision or channeling of specialised and customised business support services;
- b. marketing of the cluster to increase participation of new undertakings or organisations and to increase visibility;
- c. management of the cluster's facilities; organisation of training programmes, workshops and conferences to support knowledge sharing and networking and transnational cooperation



MÅL MED AVDELING PÅ MATRE

Hovedmålet med avdelingen på Matre er å rette fokuset mot utvikling og vekst i bedrifter innen havbruk.

Næringshagen vil jobbe for å skape en samlingsplass for bedriftene innen bransjen for erfaringsutveksling, tilgang på ny kunnskap, et kontaktpunkt til virkemiddelapparatet, en idélab for de gode ideene, enten det er entreprenører eller intraprenører, og en arena hvor man skal skape de gode samarbeidene.

Med Havforskningsinstituttet veletablert på Matre, har vi gode forutsetninger for å skape en arena for FoU med tilgang på høyteknologisk utstyr




RINGVIRKNINGER

Ved å opparbeide en avdeling på Matre ser vi ikke bort i fra at dette kan skape ringvirkninger.

Som f.eks:

- Knoppskyting
- Større interesse for næringsareal og nyetablering
- Økt attraktivitet for Matre med omegn
- Flere muligheter for andre tilstøtende bransjer og næringslivet ellers







GULEN OG MASJORDEN
NÆRINGSHAGE®

www.gmn.no

MELD DIN INTERESSE: vhaveland@gmn.no

En  partner



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/912

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2015	Kraftfondsstyret	PS	10.12.2015

Referatsak

32T

1, Oppmoding om utbetaling av årleg tilskot

2, Sluttutbetaling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Gulen & Masfjorden Utvikling

Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra

Tlf: 476 05 190

www.gmu.no

solveig@gmu.no

NO 992 971 118 MVA

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Gulen Industrihamn, 01.12.2015

STATUSRAPPORT OG OPPMODING OM UTBETALING AV ÅRLEG TILSKOT

Dette er ein rapport frå arbeidet til Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) det siste året og ei oppmoding om utbetaling av årleg tilskot, kroner 250.000,-.

Profilering har vore det største arbeidsområdet siste året. I november 2014 var GMU involvert i arrangementet knytt til opning av Sløvåg Næringsbygg, og flytta samstundes kontorstad til det nye bygget. På nyåret arrangerte GMU ”Møt spydspissane i Gulen og Masfjorden”, som var retta mot ungdom i alderen 20-35 år. Det vart eit vellukka arrangement med over 160 registrerte deltakarar. 6. juni var det tid for oppfølging av spydspissarrangementet, med ”Bli spydspiss i Gulen og Masfjorden”. Dette arrangementet hadde fokus på bustadar, tomtar og byggeprosjekt i Gulen og Masfjorden. Det var 50 besøkjande, og tilbakemeldingane var i hovudsak positive. Neste arrangement var ei jobbmesse, som vart arrangert i samarbeid med Nav i byrjinga av november. Ein del av dei 16 bedriftene som hadde stand var interesserte i å rekruttera, medan andre nytta høvet til å profilera bedrifta si. Messa trekte til seg rundt 300 menneske, og seier noko om situasjonen i jobbmarknaden. Folketalet i kommunen har gått opp, og det er ei positiv merksemeld rundt det som skjer i Gulen og Masfjorden.

Når det kjem til etablerarrettleiing, er talet hjelpte bedrifter aukande. Det dreier seg i hovudsak om hjelp til søknadar, men somme gongar er det også hjelp til registrering av selskap og generell rådgjeving. Av 21 henvendingar i 2015, har GMU hjelpt 18 bedrifter. Det er totalt 29 nytableringar i regionen. GMU har også vore involvert i arrangementet ”Inspirasjonskveld for kvinner”, som ein vonar kan ha skapt eit utgangspunkt for nye idear og samarbeid.

Gulen og Masfjorden Næringsråd (GMN) ønskjer å arbeida for å engasjera medlemmane meir, og synleggjera kva dei arbeider med. Styremøta vert no lagt til dei ulike skulekrinsane, og bedriftene i området vert inviterte til å møta styret. I tillegg til møteinkalling, deltaking på møta og protokollskriving, er det GMU som er ansvarleg for utarbeiding av budsjett, fakturering og behandling av rekneskapsbilag. GMU var også i år sterkt involvert i arrangeringa av Gulen og Masfjorden Næringsråd (GMN) sin Næringskonferanse. Temaet var ”Effektiv bu- og arbeidsregion. Nye grenser, nye mulegheiter?”. Konferansen hadde om lag 100 deltakarar, og tilbakemeldingane om programmet var gode. I november har det vore julelunsj for



Gulen & Masfjorden Utvikling

Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra

Tlf: 476 05 190

www.gmu.no

solveig@gmu.no

NO 992 971 118 MVA

medlemsbedriftene til næringsrådet. 40 personar var med på denne, og fekk nyta god mat, høyra tre ulike presentasjonar og eit kulturelt innslag. Det var også eit godt grunnlag for nettverksbygging mellom bedriftene.

GMU har teke opp att saka om ilandføring av gass til Gulen, etter oppmoding frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er etablert kontakt med eitt selskap som kan vera interessert i å produsera gass. Vidare må det gjerast eit arbeid rundt plassering av anlegg og forhandling om priser, i tillegg til at det må takast ei ny vurdering rundt behovet i marknaden.

Tilskotet frå Masfjorden kommune er avgjerande for Gulen og Masfjorden Utvikling AS sitt arbeid, og me vil med dette oppmoda om utbetaling. Tilskotet kan utbetalast til konto 3705.15.90733.

Med venleg helsing,
Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Solveig D. Kristiansen

Solveig Daae Kristiansen
Dagleg leiar



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato: 10.11.2015
Vår ref.: 2014/15121-9
Saksbehandlar: tonnils1
Dykkar ref.:

Sluttutbetaling Tilsegn 110-2014: "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden" frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland, omstillingssmidlar 2014

Vi takkar for dykkar oppmading om utbetaling datert 09.04.2015.

Vi har motteke sluttrapport og revisorgodkjend rekneskap, og vil så snart som mogeleg overføre tilskotet som utbetaling til dykkar bankkonto

nr 3201 48 54958 merk brev 2014/15121-9

kr 1 200 000,-

Utbetalinga er i samsvar med vilkår i tilsegn.

Ved seinare kontakt vedkommande tilsegsna ber vi dykk nytte vår referanse og tilsegnsnummer som referanse.

Vi ynskjer dykk lukke til i arbeidet med å vidareføre resultata av prosjektet.

Med helsing

Mette Nora Sætre
næringsjef

Tonje Nilsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Org nr 945 627 913
Kopi RA ved økonomi: 10.160.302.00.14500.00.10543
Kontaktperson: Hans Inge Gloppen, her